

HYRDINGRØYSTA

NR. 2/2024

JUNI

Grunnlagt 1938

85. årgang



Redaksjonen har ordet

I år har vi hatt ein heller lang vinter, og då meiner eg vinter. Det har vore snø og kulde både til glede og sorger. Men no legg vi vekk snøskuffe og vinterklede, og tek fram det som høyrer sommaren til.

Så spørst det då om det blir ein sommar slik ein vil ha den, med sol, varme og tid til ferie og fritid. Slik det står i songen

*Sol ute, sol inne
Sol i hjertet, sol i sinnet,
Sol, bare sol*

Vi har hatt ein fin vår, alt er komme veldig tidleg. Poteter sette den 31. mai kom over jorda etter 14 dagar. Om det er eit godt eller dårleg teikn for avlinga, veit underteikna ikkje. Men ein får komme med ein rapport til hausten. Eitt er i alle fall sikkert: om ein ikkje set noko, får ein heller ikkje noko. Set ein noko som skal vekse og gro og ein mislukkast, har ein alle fall prøvd. Her har underteikna erfaring, ho har både lukkast og fått store avlingar, og mislukkast så det svei. Slik er det med mykje i livet.

Framfor sommaren i år har vi i sokna i Jølster fått eit nytt spenningsmoment: får vi søkjarar til prestestillinga? Noverande prest Silje skal heldigvis ikkje forlate Jølster, men gå over i stilling som kyrkjelydspedagog og skal fordele seg på Naustdal og Jølster. Vi i Jølster skal passe på å nytte vår del fullt ut, men ikkje utnytte henne.

Om sommaren prøver ein eit litt anna gudsteneste-opplegg enn om vinteren. Ein har



nokre gudstenester ute i det fri, då er det spennande kva vør ein får, men ein har alltid kyrkjene der ein kan søkje ly og få gjennomført gudstenesta, om det er uråd å vere ute. Organist, prest, vikarar og andre vil gjere sitt beste for at alle skal få ei fin oppleving, om gudstenestene vert her eller der.

*Takk at di kyrkje aldri søv
Mens jorda rullar utan stans.
Ditt folk i vekselong deg lova
For nattas ro og dagens glans.*

Redaksjonen vil ynskje alle ein god sommar.



KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar ☎ 950 74 007

Ålhus sokn:

Annette Slåtten

☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus

☎ 417 58 462

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herlø Sund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

ved FREDRIK BRÅTTVIK

EN NY MÅLESTOKK

Da læreren på ungdomsskolen sa vi fikk ti minutter på oss til å lese en tekst, kjente jeg på en klump i magen. Jeg rakk som regel aldri å lese ferdig. Samtidig som de rundt meg rakk å begynne å gjøre andre ting før tiden var ute, var jeg mer opptatt av hvor mange som var ferdig før meg enn å selv bli ferdig med teksten.

Når jeg ikke rakk å lese ferdig på de minutene vi fikk utdelt, lot jeg noen ganger som jeg var ferdig før, for å ikke skille meg ut fra mengden. Det var flaut å ikke rekke å lese ferdig.

Jeg praktiserte noe vi mennesker gjør daglig: jeg sammenlignet meg. Sammenligning i seg selv trenger ikke være negativt. Sammenligner jeg meg med en på jobben eller fotballaget for å bli bedre på det jeg gjør, kan det ha positiv effekt; jeg kan bli bedre. Men når sammenligningen resulterer i at jeg selv blir begrenset, fungerer den dårlig. Når jeg var mer opptatt av sammenligning med klassekameratene mine som

leste raskere enn meg, var det begrensende for min læring.

Da er det godt å vite at vi mennesker har evnen til å velge hvilke tanker vi fyller oss med, hvilke stemmer vi hører på. I Jeremia 29:11 står det en setning som vi kan la gå direkte fra Gud til oss: «For jeg vet hvilke tanker jeg har med dere, sier Herren, fredstanker og ikke ulykkestanker. Jeg vil gi dere fremtid og håp.»

Fredstanker, fremtid og håp var nettopp det Jesus kom med noen hundre år etter denne Jeremiateksten ble skrevet. Ikke bare får vi vite at vi er gode nok i møte med Jesus. Vi får også innbydelsen til et «liv i overflod» (Joh. 10:10), som kan starte allerede nå. For Gud ser noe mer: «Her gjelder ikke det som mennesker ser. For mennesker ser det som øynene ser, men Herren ser på hjertet.» (1. Sam. 16:7)

Fyller jeg tankene mine med hva Gud tenker om meg og det Jesus har gjort for meg, blir negative tanker og dårlig selvtillit satt i skyggen. Livet får rett og slett en ny målestokk.



Fredrik Bråttvik.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com
Neste nr. kjem i september.

FRIST

Frist for stoff til
hyrdingsrøysta 2024:
Haustrummer 2. september
Julenummer 23. november

Kva skjer med prestestillinga i Jølster?

Silje Sørebø har sagt opp stillinga si som prest i Jølster, men ho blir heldigvis i Jølster framleis, då i ei mindre stilling som kyrkjelydspe-dagog. På ei gudsteneste i august vert ho takka av som sokneprest.

Det store spørsmålet er om vi får ny sokneprest. Det syner seg at prestar ikkje veks på tre - eller i merder, for den del. Så det lyt gjerast ein innsats for å få ny prest.

Bakgrunnsinformasjon: Stillinga som sokneprest i Jølster har vore utlyst med søknadsfrist 19. mai. Det var ingen kvalifiserte søkarar til stillinga, men det var ein aktuell søkar som ikkje er ordinert og som enno ikkje har praktikum. Soknerådsleiarar, sokneprest og sekretar har hatt møte, og vi vil legge fram forslag til vedtak i sokneråda om at vi tilrår bispedømmet å lyse ut ei PPU (prest under utdanning)-stilling i Jølster.

Du kan lese om PPU-stillingar her: <https://www.kirken.no/nb-NO/bli-med/jobb-i-den-norske-kirke/prest%20under%20utdanning/>.

Ut frå tilsettingsreglementet som bispedømmet brukar, er det ikkje mogeleg å tilsetje ein person som ikkje er kvalifisert utan å ha gjort ei slik utlysing først. Dette fordi også eventuelt andre som kunne tenke seg å fullføre ein cand.theol. grad under jobb, skal kunne søke.

Det er viktig å få fortgang i denne prosessen. Vi ynskjer då at bispedømmerådet gjer vedtak om ei slik utlysing allereie i bispedømmerådsmøte 6. juni. Difor må vi gjere dette vedtaket digitalt.

Dei som er einige i vedtaket, treng ikkje svare. Men dei som vil stemme mot, må sende melding til deira soknerådsleiar. Det er berre faste medlemmer som har stemmerett i denne saka.



Inspirasjonssamlinga NMS (Det norske misjonsselskap)

Laurdag 21. september 11.00 - 17.00
på Vassenden kyrkjesenter

Ingunn og Aslak Sognnes fortel og syner bilete frå tur til Cuba for tilsette i Bjørgvin bispedømme, med besøk i fleire cubanske kyrkjelydar.

Informasjon om NMS sitt arbeid i regionen.

Middag, og seinare temasamtale rundt kaffiborda.

Alle er velkomne til å melde seg på!

Pris for middag, kaffi og husleige: 250 kr.

Påmelding til Svanhild Ask, 952 19 558

Bladpengar!

Bladpengar er viktig for å kunne gje ut eit kyrkjeblad. I 2023 vart det gjort ein feil når ein sende ut informasjon om bladpengar. Vi fekk inn lite bladpengar i 2023, noko som gjer det vanskelegare for oss i redaksjonen å få laga eit godt og informativt blad.

Vi som lagar bladet, gjer det på frivillig basis. Men ein del tenester må betalast. Kyrkjebladet er viktig for å få ut infor-

masjon om det som skjer i kyrkja, og ein tek òg med informasjon om anna enn det som skjer i kyrkja, om det er plass til det og det passar inn. Det er frivillig å betale bladpengar, men vi håpar at kvar og ein av dykk ser kor viktig det å ha eit kyrkjeblad. Så betal gjerne ut frå dei opplysningane de finn under.

Så er vi svært glade for dei sponsorane vi har, og sender ein stor takk til dei.

BLADPENGAR 2024/25

Brukar du brevgiro, kan opplysningane her først over på nøytralblankett.

Kr 350 for dei bur utanfor Jølster

Kr 250 for dei som bur i Jølster

Kontonr. 3703 30 09225

Hyrdingrøysta

Jølster kyrkjekontor

6847 Vassenden

Betalingsinformasjon		GIRO		Betalingsfrist	
BLADPENGAR 2024		Underskrift ved girering			
Brukar du brevgiro kan opplysningane her først over på nøytralblankett.					
Kr 350,00 for dei bur utan for Jølster					
Kr 250,00 for dei som bur i Jølster					
Betalt av		Betalt til	Hyrdingsrøysta		
			Jølster kyrkjekontor		
			6847 Vassenden		
Belast konto		Kvittering tilbake			
Kundeidentifikasjon (KID)	Kroner	Øre	Til konto	Blankettnummer	
			3703 30 09225	<7627340431>	

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt

Denne gongen er det Vigdis Tonning som presenterer eit dikt ho er glad i. Vigdis bur på Vassenden og arbeider som spesialkonsulent i fylkeskommunen. Ho sa straks ja til å bidra.

Eg er veldig glad i Jakob Sande si diktning. Han hadde eit vidt repertoar, frå det heilt groteske, via skjemt til vår vakraste julesong. Hans dikt Tale ved Kleng Spelemanns grav er mellom mine favorittdikt. Det at jølstringen Edvin Helgheim har skrive ein nydeleg tone til det, gjer det ekstra flott.

Eg likar det særst godt at diktet fortel om ein person som nok ikkje hadde høg status i bygda. Han var misforstått, og bygde-

dyret var etter han. Dei tre siste versa viser kor feil dei tok.

Dette kan vi relatere til oss sjølv, og vår eiga tid. Kanskje bur det meir i folk enn vi ser ved første augekast? Personen kan vere nabo, flyktning, rusbrukar, skeiv eller sjenert, men som viser seg å ha noko fint ved seg, som dei kanskje ikkje viser fram til alle. Det kan hende du får ei fin oppleving, om du berre tek initiativ til ein prat med nokon du ikkje har snakka med før.



Vigdis Tonning bur på Vassenden og sa straks ja til å bidra med eit dikt.



Jakob Sande
(1906-1967)

Tale ved Kleng Spelemanns grav

1. Det vart sagt av predikantane som preika på di grav,
at di sjel var til Svartemannen seld,
at frå helvete kom ho, og dit drog ho av,
då du sturta i fylla ein kveld.
2. Det vart vidare sagt at du var tru i ditt kall,
og for herren din ein nytteleg dreng.
Mange urøynde sjeler kom i freisting og fall,
når du spela burti bygdene, Kleng.
3. Kvar du kom med dine tolør vart det turing og dans,
folk vart ville so dei rasa og drog kniv,
mang ei jente har du spela reint frå samling og sans,
so ho skjemde seg for resten av sitt liv.
4. Og dei syndene som gamlepresten basta og batt,
etter Herren heile livet å ha tent,
slapp du laus at over bygda på ei einaste natt,
når du fingra på ditt satans instrument.
5. Difor fekk du over gravi det fordomande ord,
som vart sagt av ein velkyrd predikant,
at det var synd du skulde kvila her i kyrkjevidg jord,
og dei fleste sa at preikaren sa sant.
6. Men dei domde deg som dårar dei som lyste deg i bann,
for du åtte det som ingen av dei såg,
det var gneisten frå Gud som djupt i sjela di brann,
sjølv um slagget over logane låg.
7. Du skal siga g gjennom brådjup av trengsel og natt,
du skal slipast imot gloande stein,
men frå pinsla nedi myrkret skal du lyfta deg att,
imot høgden, frigjord og rein.
8. Og eingong skal du standa for Guds beilage stol,
der påny du skal få stilla din streng,
og i æveleg glans ifrå den nyskapte sol,
skal du spela for Meistaren, Kleng.



Påskeplask konfirmantane i Jølster 2024.

Påskeplask

Oppstode, liv, lys og livslyst. Vi snakkar 1. påskedag 2024.

Ei fullsett Helgheim kyrkje i Jølster. Konfirmantane pregar gudstenesta. Dei togar inn i prosesjon saman med dåpsfølgjet. Dei både delar ut og tek imot nattverd. Presten Silje Sørebo har lært

av Aust-Europa. På veg ut skvettar ho heilagt vatn på oss pysene som ikkje har tenkt å gjere som ungdomen. Konfirmantane går ut i småregnet og kastar seg i det iskalde Jølstravatnet saman med presten. Dei over 200 i kyrkjelyden står småhutrande på land og beundrar dei spreke toffingane, livet og livslysta...



Presten skvetter heilagt vatn på kyrkjelyden i Jølster påskedag.



Barnegospel med stor songglede.



Grava er tom.

Påskesamling

Andre påskedag var store og små samla på kyrkjesenteret, og der gjekk det føre seg!

Silje prest hadde regien og heldt kyrkjelyden engasjert, som ho alltid gjer. Ein fin gjeng ungar song med stor glede og innleving, og heldt ei lita dramatisering av det som hende påskedagen. Så var det kveldsmat med variert pålegg, samstundes som

ungane leita etter påskeegg som konfirmantar hadde gøymt på dei utrulegaste stader ute. Alle fann seg egg, som dei etterpå måla på dei mest kunstnarlege vis. Ei fin og samlande stund.



Årene går unna!

Kyrkjebasar i Vassenden kyrkjesenter

Den tradisjonelle kyrkjebasaren til inntekt for Vassenden kyrkjesenter vart halden 7. april.

Basaren er ein viktig del av inntektene til kyrkjesenteret, og han har vore arrangert i nær hundre år. Først for å byggje kyrkje på Vassenden, og no for å drive kyrkja på dugnad. Denne søndagen møtte folk frå heile Jølster, store og små, og det var «ei vøle» med gevinstar å ta lodd på. Elleve

loddbøker var utselde på førehand, og basarfolk hadde gjerne teke meir lodd om det hadde vore fleire bøker å selje frå! Dei tok det att på åresalet, som gjekk så det kosta, saman med kaffi og gode kaker.

Før dette hadde basarsjef Inger Lind Aasen ønskt velkomen og informert om programmet. Jostein Bildøy heldt tale, om tru og om samhald menneske mellom. Gospeljenter og -gutar song av full hals, til tonefølje ved Gun-

nar Smaadal. Det er godt å høyre at ungar framleis kan synge.

Nemnda for basaren fekk mykje godord for positivitet og god gjennomføring av basaren. Dei

arbeidde i lag med liv og lyst. Slik vil vi ha det!

Overskotet vart på ca. 15.000 kr.



Mange årar å halde styr på.



Songjenter på basar.



Gevinstar i mengder.



«No kallar sol og sommarvind...»

Allsongen ljoma ut over støylsvollen på Dvergdsalstøylen 2. pinsedagen. 570 moh., nær to veker att av mai månad, og den finaste sommardagen du kan drøyme om!

Grønt gras på støylsvollen, grønt lauv på bjørkeskogen og opp gjennom snøfenne som strekte seg ned i Botnen, i møte med sommaren..

Rune Molvik spela orgel så tonane gav gjenklang i fjella.

Reidar Knapstad var kledd i den finaste raude messehakelen på Vestlandet. Rett frå naturen var det henta materiale til krossen i «altertavla», mikrofonstativ, flaggstang og blomebukett på alteret.

Bileta ein kan hente rett frå naturen kan vere mange. Kulde og varme. Liv og daue. Lys og mørker. Denne dagen var ein pinsedag verdig. Liv, lys og varme!

Andakt på omsorgssenteret



Andakt på omsorgssenteret.

På Vassenden omsorgssenter er det andakt første og tredje tysdag kvar månad. Silje prest og Rigmor Frøyen byter på å halde andakta. Organist Rune Molvik spelar til songen, som er ein stor og viktig del av samlinga.



Rigmor Frøyen held andakt.

Denne fine, solrike april dagen var det Rigmor sin tur til å halde andakt, og ho konsentrerte både songen og teksten rundt våren og fuglesongen. Etter den åndelege føda kom kaffien på bordet, og praten gjekk med liv og lyst.

Kjellaug og Olav Grimsbø er trufaste deltakarar i denne stunda, og på spørsmål

om kva dei tykkjer om tilbodet, kjem svaret kontant: «Da e so kjekt! Og så får vi synge mykje!» Dei rosar begge prestane for å vere hyggelege å vere saman med, og dyktige i gjerninga si. Begge meiner òg at det er viktig å nytte dei tilboda dei får, og såleis vise at det er behov for varierte tilbod til dei som bur på omsorgssenteret.



Vi syng med heile kroppen!



Karsetrollproduksjon.

VaBa-klubb på kyrkjesenteret

Annankvar måndag er det VaBa-klubb på kyrkjesenteret. Denne måndagen i april var nær 20 barn og nesten like mange vaksne samla. Vaksne trengst, aktivitetsnivået er stort!

Dei song mens dei venta på at alle skulle kome, og då dei kom til VaBa-klubbsongen, var den eit teikn på klubb-start. Silje fortalde om pinsen og Kristi Himmelfart, etter å ha repetert kva påska står for. Ho er ein stor forteljar. Med hjelp av figurar som Lego og anna, fekk ho merksemda til barna. Dei følgde (uvent) godt med, ikkje minst med tanke på at dei alle er i forskulealder!

Så var det Renate sin tur. Ho orienterte om dagens formingsaktivitet, som var å lage karsetroll! Troll skulle formast og pyntast med karsefrø på hovudet. Etter nokre dagar ville hårveksten bli synleg, tett og dekorativ.

Det vart meir song, og litt å bite i, og barn og vaksne var i fullt arbeid med å halde styr på både karsetroll og aktive, artige ungar.

På VaBa-klubben deltek dei vaksne, likeins konfirmantane og kyrkjelydsarbeidar Andrine Lundekvam. Det kan vere andakt, sakodespel, leik, og alltid mykje song. Denne gongen var konfirmantane Lisa Nell Chatman og Johannes Mihr medhjelparar. Samlinga slutta med lyttening i globen.



Renate Kvammen er karsetrollsjeff.

Dugnad på dugnad

To tysdagar har det vore dugnad på kyrkjesenteret (attåt fleire dagar for dette). Stovvask inne – tak og vegger, stolar, vindauge og bord. Storreinsking ute – veg og grøfter, buskar og bed. Alt skal skine til konfirmasjonar, 17.mai og andre storhendingar. Frammøtet har vore godt. På siste dugnaden, den siste sommardagen så langt, møtte over 20 personar! Biletet syner dei fleste av desse, der dei tek ein velfortent kvil etter strabasane.



Velfortent vaffelpause.



Emil 23 år



Ole 29 år



Matthias 25 år

Tre danske drenge er prestevikarar i sommar

Prostia i Sogn og Fjordane har eit prosjekt med danske teologistudentar. Dette kom til etter initiativ frå prest i Førde, Carsten Langeland, og interessa for å vere sommarvikar og å bli kjent med kyrkja i vårt område, har vore stor.

Det har vore ei stor glede å møte studentane, både for tilsette, pårørande og kyrkjelyd. Trass nokre utfordringar med å forstå språk og at dei er uerfarne som prestar, så har dette vore inspirerende møte.

Sommaren 2024 kjem det tre unge menn til Sunnfjord. Dei kjem til å delta saman med prestane våre, og når tilhøva ligg til rette for det, på eiga hand etter fullmakt frå biskopen. Ole vert stasjonert i Florø i veke 28-31, Matthias og Emil i Førde i veke 30-33.

Emil 23 år

– Jeg hedder Emil, og er 23 år gammel. Til daglig leser jeg teologi ved Aarhus Universitet, hvor jeg nu skriver min bachelor. I min fritid underviser jeg et hold konfirmander, og så er jeg rigtig glad for musik. Jeg spiller guitar, og skriver selv sange, men nyder i den grad også at sette en LP på pladespilleren. Jeg er historieinteressert, og så holder jeg af at lave mad. Jeg ser virkelig frem til at komme til Sunnfjord, og glæder mig til at blive en del af jeres menighed for en tid.

Matthias 25 år

– Jeg er 25 år og har netop færdiggjort min bachelor i teologi. Efter kandidaten vil jeg gerne være præst, så jeg sætter stor pris på at kunne få lov til at vikariere i Sunnfjord. I Danmark kommer jeg i Aarhus Valgmenighed, hvor jeg bl.a. spiller med i en lovsangsgruppe på klaveret. Måske der bliver mulighed for både at tale og spille hos jer! Det er faktisk første gang jeg skal til Norge, men jeg glæder mig meget til at se landet og møde jer i menighederne!

Ole 29 år

– Til daglig studerer jeg teologi på Aarhus universitet. Jeg er i gang med andet semester på kandidaten, og er meget optaget af kirkens rolle i et moderne samfund. I min fritid holder af at være sammen med mine venner, læse bøger, løbe og være på tur i naturen.

Ta vel imot dei i kyrkjelydane!
Prosten i Sunnfjord

Bruk av unge røyster i kyrkja

Unge røyster dukkar av og til opp ved gudstenester eller andre arrangement i kyrkjene våre. Gjennom året prøver vi å ta med bilde eller annan informasjon om dei som deltek.

I løpet av mai var det med unge både på Helgheim og på Ålhus. Dei las tekst og/eller song. På Helgheim var det Vilde Erikstad som song 17. mai, og på Ålhus var Hemen Beyene tekstlesar på sjølvaste pinsedagen, 19. mai.



LANDSLOV JUBILEET

1274 2024

Landslovjubileet 27. - 29. september

Sunnfjord kommunestyre gjorde 23. juni 2021 slikt vedtak:

«Kommunedirektøren set ned ei nemnd som arbeider med lokale arrangement og andre tiltak i Sunnfjord kommune i samband med markering av 750-årsjubiléet for Landslovene i Norge. Tiltaka skal ha særleg vekt på Audun Huggleiksson si rolle i utforming av Landslovene.»

Rett framfor makt i 750 år

- Dei svakaste samfunnsgruppene fekk rettar til liks med alle andre. Dersom du svalt, skulle du ikkje straffast om du stal mat. Mangla du for til husdyra dine i år, hadde naboane dine plikt til å hjelpe deg.
- I små forteljingar som kan minne om likningane i Bibelen vart kvart prinsipp illustrert med ei historie om korleis lova skulle praktisert.

- Kongens menn reid rundt i landet og las opp lova på dei store gardane, så folk skulle få vite om rettsvernet dei hadde fått.

Folkefest på Ålhus 27.-29. september

- Feiringa på Ålhus byrjar alt fredag med ein fagdag om lova si historie, og kor viktig ho har vore og framleis er. Mellom innleiarane er den omtykte formidlaren og rettshistorikaren Jørn Øyrehagen Sunde.
- Til den høgtidlege festopninga fredag kveld hentar vi over to hundre kostymer frå spelet om Audun Huggleiksson ned frå loftet på Eikaasgalleriet og kler oss i mellomalderdrakt.
- Fleire av kunstnarane frå spelet vil delta i programmet på opningsfesten, og tonefølge vil vere ved Henning Sommerro.

Program for festdagane

LAURDAG

- Marknadsdag med aktivitetar
- Kyrkjekonsert i Ålhus kyrkje
- Festgilde i Borgja

SØNDAG

- Høgtidsgudsteneste med biskop-besøk
- Opning og omvising i ny kulturminneløype
- Hagefest i prestegardshagen



Ikkje ved sverd – forteljingar frå norsk middelalder

Ålhus kyrkje
torsdag 29. august kl 19

I samband med 1000 års jubileet for kristenretten og 750 års jubileet for Landslova arrangerer Jølster litterære folkeakademi og sokneråda i Jølster denne kvelden med ekteparet Anne Kristin og Svein Aasmundtveit til Ålhus kyrkje. Dei er begge forfattarar og formidlarar i ord og toner og lar oss i dette programmet møte forteljingar frå norsk mid-

delalder. Vi får blant anna høyre frå middelalderskriftet «Kongspeilet» og får høyre om St Olav død og forteljinga om St Magnus Orknøjarl, ein antivoldsforkjemper frå 1100-talet.

Etter forteljing og musikk i kyrkja blir det kaffe med noko attåt og allsongkveld i prestegarden (kl 20).

Velkommen til ein innholdsrik kveld med vakker musikk og spennande forteljingar!





Tusenårsstaden, Gulen.

Tur til tusenårsstaden Gulen

Gulatingslova er den eldste lova som tek fram folkestyre i Norden. I samband med nasjonalt jubileum for kristenretten og 750-årsjubileum for Landslova, er Gulatinget/ Eivindvik peika ut som «tusenårsstad i Sogn og Fjordane».

23. -25. august er det jubileumsfeiring med ulike arrangement. Eit av dei er jubileumsgudsteneste i Gulen kyrkje i Eivindvik 25/8 med biskop Ragnhild Jepsen.

Kyrkja i Jølster har i fleire år reist på tur med full buss med Vidar Feldt som super sjåfør. Vi har vore på Kinnaspelet, Seljumannamesse, «heim» til Sørebo, til Urnes stavkyrkje, Orheimtunet og i fjor til Drageidespelet. Det har vore flotte opplevingar, fin tur og godt fellesskap.

I år inviterer vi deg med til Gulen, til Tusenårsstaden og jubileumsgudsteneste i Gulen kyrkje med biskopen.

- Søndag 25/8: avreise med buss frå Skei kl. 07.00.
- Kl 11.00: gudsteneste i Gulen Kyrkje i Eivindvik med biskop Ragnhild Jepsen
- Mat i «Grindstova» (eller annan stad)
- Omvising på Gulatingstaden på Flolid 4 km frå Eivindvik

Ta med niste.

Pris ca. kr 500 for vaksne. Born gratis.

Meld deg på

til kyrkjekontoret tlf. 57 72 85 06,
epost: toril.oye@sunnfjordkyrkja.no eller
Astrid Feldt 416 84 368,
epost: astridaafeldt@gmail.com

Steinar Dvergsdal

Skei torsdagsklubb

Skei torsdagsklubb har hatt 15 samlingar frå august -23 til mai -24. Det har i snitt vore 23 stk på samlingane. Vi samlast annankvar torsdag på Skei misjonshus.

Takk til konfirmantmedhjelparane som har vore med og hjelpt oss med det praktiske.

Speidarane

har og hatt ein aktiv vinter vår. Dei har hatt 36 arrangement frå januar til og med mai. Nokre er felles alle klassar, noko er 2-3 klasser i lag evt. berre 1 klasse. Det er difor vanskeleg å sei gjennomsnitt oppmøte, men ca. 40 – 45 i snitt. Alder 10 til 16 år. Skei Misjonshus er base.

Barnegospel

Det er barnegospel både på Vassenden og Skei, den er på skulane etter skuletid, annankvar onsdag på Vassenden og annankvar onsdag på Skei.

Andakter

Det er andakter to gonger i månaden på same dag på Skei og Vassenden, men til ulike tider. Fyldig omtale om andakt på Vassenden i dette nr. av Hyrdingsrøysta.

Velkomen til leir på Nesholmen i sommar!

Vi ynskjer å skape opne, trygge fellesskap der barn og unge kan vere seg sjølv, få opplevingar for livet og utvikle seg som heile menneske.

Velkomen til leir på Nesholmen leirstad. Leirstaden ligg i Gloppen kommune, ca. 30 minutt frå Hyen mot Florø. Leirstaden ligg idyllisk til ved Storefjorden.

ÅRETS LEIRAR ER:

BARNELEIR for aldersgruppa 1. til 4. klasse som vert arrangert 21. - 23. juni.

AKTIVITETSLEIR for aldersgruppa 5. til 7. klasse som vert arrangert 24. - 27. juni

GAMINGLEIR for aldersgruppa 4. klasse til 3. vidaregåande klasse som vert arrangert 27.-30. juni.

TRYGG LEIR

EIN Plass FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE
for born og ungdom til hausten. *Nokre gongar er det påmelding.*

- **14.-17. august:**
Introdagar for nye konfirmantar
- **Søndag 15. september**
Hausttakkefest med invitasjon til 5 åringer i heile Jølster
- **Måndag 21. oktober etter skulen:**
Samling for 6-åringar i Helgheim sokn på Skei misjonshus
- **Laurdag 26. oktober:**
Samlingar for 4-åringar:
kl. 10.00 på Vassenden kyrkjesenter og
kl. 13.00 på Skei misjonshus
- **Søndag 27.10. Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok**
kl. 11.00 i Helgheim kyrkje (også bok til 6-åringar) og kl. 14.00 på Vassenden kyrkjesenter
- **Dato kjem seinare:**
Samling/gudsteneste for 2 og 3 åringer
- **Helga 9. - 10. november**
Lys vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter for 5.- og 6.-klassingar
- **Måndag 25. november etter skuletid:**
Samling for 6-åringar i Ålhus sokn på Vassenden kyrkjesenter
- **Søndag 1. desember – 1. søndag i advent:**
Familiegudsteneste med utdeling av 6-årsbok på Vassenden kyrkjesenter kl 11 og lysmesse med konfirmantar og speidarar kl 20

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter annakvar veke kl.17.15 – 18:30 - 4 år og oppover 
- **Babysong** på Vassenden kyrkjesenter annakvar veke 
- **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl.17.30 – 18.45 (annakvar torsdag) – 4 år og oppover 
- **Barnegospel** på onsdagar etter skuletid (annakvar veke på Skei skule og på Vassenden kyrkjesenter) – 3 klasse og oppover.
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6 kl og oppover
- **Klubbkveldar** på Vassenden kyrkjesenter for konfirmantar

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

Hjarteleg velkomen!

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14.00 i stova på
**VASSENDEN
OMSORGSSENTER**



Fyrste og tredje tysdag
kvar månad.

Datoar sommaren 2024

4. juni, 18. juni, 2. juli
(NB! Ikkje andakt 16. juli),
6. august og 20. august

Alle er velkomne!

Helsing
organist Rune Molvik og
prestane Silje og Rigmor

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på
SKEI OMSORGSSENTER



Fyrste og tredje tysdag
kvar månad.

Datoar sommaren 2024

4. juni (nattverd), 18. juni,
2. juli (NB! Ikkje andakt 16.
juli), 6. august (nattverd) og
20. august

Alle er velkomne!

Helsing
organist Rune Molvik og
prestane Silje og Rigmor

KONSERTAR

TORS DAG 29. AUGUST

– Anne Kristin
Osmundtveit i Ålhus
kyrkje og songkveld i
prestegarden.

Helgheim kyrkje LAUR DAG 24. AUGUST KL. 16:00

Konsert med Østerlide,
kritikerrost trio med
kreative tolkningar av
norske folketonar.

Helgheim kyrkje SØNDAG 13. OKTOBER KL. 16.00

Konsert Iver Kleive og
Knut Reiersrud

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25

MASKINENTREPRENØR
Ottar Dvergsdal AS
6843 SKEI



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18
Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI
Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21
Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høg kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden



VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

**TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT



JUNI

2. SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 02.06

Vassenden kyrkjesenter kl.11:00

Gudsteneste med dåp

Helgheim kyrkje kl 14:00 merk tida

Familiegudsteneste, Tårnagentane deltek

3. SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 09.06

Helgheim kyrkje kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

4. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Vi markerer skaparverkets dag med gudsteneste:

Søndag 16.6 ved

Sandalen grendahus kl.11:00

(dersom dårleg vær blir gudstenesta flytta til Vassenden kyrkjesenter kl.11.00)

5.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 23.6

Friluftsgudsteneste i Kjøsneshogen kl.11:00,

preike ved Harald Kjell Sunde som vart ordinert i Helgheim kyrkje for 50 år sidan

6.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 30.06

Ålhus kyrkje kl.14:00 (merk tida)

Gudsteneste med nattverd

JULI

7. SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 07.07

* Førde kyrkje kl.11:00

Gudsteneste i samband med Førdefestivalen

8. SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 14.07

Helgheim kyrkje kl.11:00

Gudsteneste

9.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 21.07

Vassenden kyrkjesenter kl.14:00 (merk tida)

Gudsteneste med nattverd

10.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 28.07

Sunnfjord Museum, Movika kl.11:00

Friluftsgudsteneste

AUGUST

11. SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 04.08

Helgheim kyrkje kl.11:00

Gudsteneste

12. SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 11.08

Friluftsgudsteneste ved Gotdalstøylen på Ålhus kl.12:00

(NB! Ved dårleg vær blir gudstenesta i Ålhus kyrkje kl.11:00.

13. SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 18.08

Helgheim kyrkje kl.15:00 (merk tida)

Song mot hausten.

Kort gudsteneste, med kyrkjekaffi i midtgangen etterpå og litt program.

Vi oppmodar denne dagen pårørande om å hjelpe dei som treng skysst til kyrkje (frå f.eks omsorgssenter og omsorgsbustader)

Prost Knut Magne Nesse deltek i gudstenesta

Silje blir takka av som sokneprest.

SEPTEMBER

16.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 08.09

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Konfirmantjubiläum og presentasjon av nye konfirmantar

16.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 08.09

Ålhus kyrkje kl 14:00

Konfirmantjubiläum og presentasjon av nye konfirmantar

17.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 15.09

Skei, Speidarplassen kl.11:00

Hauttakkefest

18.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 22.09

Helgheim kyrkje kl 11:00

Gudsteneste

SØNDAG 29.09

Ålhus kyrkje kl.11:00

Jubileumsgudsteneste, markering av 750-årsjubileet for Landslova, biskop Ragnhild Jepsen og prost Knut Magne Nesse deltek i gudstenesta.

OKTOBER

20.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 06.10

Helgheim kyrkje kl.11:00

Gudsteneste

21.SØNDAG I TREEININGSTIDA

SØNDAG 13.10

Vassenden kyrkjesenter kl.11:00

Gudsteneste i høve Jazz på Jølst

SØNDAG 27.10

Helgheim kyrkje kl.11:00

Familiegudsteneste, Utdeling av bok til 4-åringar og 6-åringar i Helgheim sokn

Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

21.01 Even Hundvebakke Haugland

11.02 Mathilde Moen Norgård

17.03 Aslak Bergström Heggheim

28.04 Ask Løvlie Kirkeide

28.04 Jakob Anseth Nilsen

Vassenden kyrkjesenter

02.01 David-Alexander Bill Reynirsson

03.03 Oskar Breidvik Gjesdal

04.02 Ingrid Emilie Fleten Gjesdal

- døypt i Førde kyrkje

18.02 Mina Marie Norevik-Ølmheim

- døypt i Førde kyrkje

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

24.03 Sander Evebø Flatjord

31.03 Ingrid Amelie Pileberg Gauksrud

Vigde



30.12 .23

Kari Sissel Svidal Randal og

Ludvik Slåtten

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

12.03 Bjarne Elias Steinsund

15.03 Norolv Ove Årdal

19.03 Nils Martin Gjesdal

07.05 Jølstrunn Fossheim

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

05.03 Seri Oril Årdal

05.03 Bergljot Helgheim

06.03 Kirsti Lunde

SØNDAG 27.10

Vassenden kyrkjesenter kl.14:00

Familiegudsteneste

Utdeling av bok til 4-åringar i Ålhus sokn. Det kan bli endringar i gudstestelista.

Det kan bli endringar i gudstestelista. Sjå heimeside, Det skjer, facebook. Det kan vere dåp i nesten alle gudstestener, ta kontakt med Kyrkjekontoret om yn-skje om dåp. Nattverd er det mange av gudstestenc.



Konfirmasjon i Helgheim kyrkje.

«Gje blaffen»

Konfirmasjonsgudstenester i Helgheim, Ålhus og Vassenden. Strålande ver. Fullsette kyrkjer. Aktive konfirmanter. Silje sitt råd for vaksenlivet, «gje blaffen». Konfirmanterne skjøna. Dei gav ikkje blaffen i dei viktige tinga.

I konfirmasjonsførebuinga er alle konfirmanterne i Jølster samla. Dei går «pilegrimstur» over fjellet, er på leir og mykje anna. I heile førebuingstida er dei medhjelparar i kyrkjene. Tenner lys, les tekstar, er «kyrkjevertar» og deler ut nattverd. Det er tydeleg at dei knyter sterke band mellom seg og med Silje og Gerd. At dei kjenner på den gode fellesskapen.

I gudstenesta med konfirmanterfest på Vassenden «permitterte» dei Silje som prest, og gjennomførde i eigen regi. Stod for ritualet, song som kor, spelte skodespel om nestekjærleik og medmenneske. Sjølv konfirmasjonsgudstenestene var i alle tre kyrkjene. Også der var dei aktive, og sjølv som mindre flokk song



Konfirmanter i Vassenden kyrkesenter.

dei som kor under strålane leiing av Gerd Sunde Førde.

Sjølv om Silje sitt råd om å gje blaffen, sette ein stökk i kyrkjelyden, innsåg vi det alle med

litt hjelp. Ja, der er ting i livet vi må freiste å gje blaffen i. Ikkje minst for å ha krefter og tid til å gjere dei viktige tinga!

Steinar Dvergsdal